

Luster kommune

Informasjon til foresatte til barn i barnehager

Gjeld søknad om barnehageplass frå og med hovudopptaket 2019

Frå og med 01.01.2019 skal alle søknader om barnehageplass i Luster kommune (ny plass, endring og overflytting av barnehageplass) gjerast via Visma Flyt Barnehage sin foresatt portal.

Dette informasjonsskrivet vil gje deg informasjon om korleis du går fram for å logge deg inn i foresatt portalen, og korleis du legg inn søknad.

Her er ein link <https://barnehage.visma.no/Luster> direkte til Visma Flyt Barnehage sin foresatt portal. Ved å klikke på denne linken, kjem du til innloggingssida i foresatt portalen. Du logger deg inn med elektronisk ID via ID-porten.



I foresatt portalen har du høve til å velje enten nynorsk, bokmål eller engelsk som språk.

Søknad om barnehageplass består av fem trinn, kor du som søker må fylle inn informasjon:

1. Opplysningar om barnet
 - a. Fødselsnummer
 - b. Namn
2. Kontakt opplysningar om foresatte
 - a. Relasjon til barnet
 - b. Mobiltelefonnummer
 - c. E-postadresse
 - d. Legg evt. til medsøker
3. Velg barnehage
 - a. Ønska oppstartsdato
 - b. Barnehagar i prioritert rekkefylgje
 - c. Plasstype
4. Andre opplysningar
 - a. Morsmål
 - b. Opptakskriteriar som gjeld ditt barn
 - c. Dokumentasjon for spesifikke kriterier der det krevst
 - d. Andre relevante opplysningar
5. Kontrollskjema
 - a. Kontroller opplysningar i søknad
 - b. Innsending av søknad

Søknaden sendast elektronisk, direkte frå foresatt portalen, til Visma Flyt Barnehage sin administrasjonsløyising for opptak. Når søknaden er sendt, vil du motta ei stadfesting på den e-postadressa du har gitt opp i søknaden.

Treng du hjelp til å fylle ut søknad i foresatt portalen, kan du ta kontakt med styrar i barnehagen eller kontakte pedagogisk konsulent Oddbjørg Ese tlf 57685520.

Lykke til!

Med helsing Luster kommune